

## Telefonundersøking om grensejustering av Hjelvik og Våge

Opinion vil på oppdrag frå Fylkesmannen gjennomføre ei telefonundersøking i **veke 14 og 15 (1.-12. april 2019)**.

- Det blir ringt frå nummeret **61 40 01 09**
- Det blir ringt til fastbuande innbyggjarar over 16 år i grunnkrinsane Hjelvik og Våge
- Alle vil bli oppringt inntil 10 gonger
- Svaret til den som blir oppringt er anonymt
- Det vil bli spurt om kjønn og alder
- Eventuelle respondentar som meiner dei ikkje har blitt kontakta innan 8. april er også velkomne til å kontakte Roar Teige i Norstat, direkte på fastnummer 21300305 eller e-post [roar@norstat.no](mailto:roar@norstat.no).

Innleiing til hovudspørsmålet:

*God dag/kveld. Mitt namn er NN. Eg ringer på vegne av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Kommunal- og moderniseringsdepartementet har bedt Fylkesmannen om å utgreie ein søknad om grensejustering av grunnkrinsane Hjelvik og Våge i Rauma kommune over til Vestnes kommune. I samband med dette ynskjer Fylkesmannen å høyre kva innbyggjarane meiner.*

*Du vil få eit spørsmål som inneheld 3 svaralternativ, men først vil vi opplyse følgjande:*

- *Ei eventuell grensejustering vil tidlegast gjelde frå 1.1. 2021*

Hovudspørsmål:

**Kva kommune meiner du at grunnkrinsane Hjelvik og Våge skal høyre til i framtida?**

- Bli i Rauma kommune
- Overflytting til Vestnes kommune
- Veit ikkje